



Kinn kommune

# Grunnlagsdokument for

- **planstrategi**
- **planprogram for revisjon av samfunnsdelen til Kinn**

27. februar 2023

## Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Faktagrunnlag.....	3
3.	Innsatsområde.....	3
3.1	Overordna utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter i Kinn .....	3
3.2	Verdiar og samskaping .....	4
3.3	Innsatsområde .....	5
4.	Medverknad.....	6
5.	Demografi .....	7
5.1	Meir detaljar knytt til demografiutfordringa .....	9
5.2	Korleis kan vi få folk til å verte buande i Kinn? .....	14
5.2.1	«Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000 tallet» .....	14
5.2.2	«Fra flyktning til Floraværing».....	14
5.2.3	«Florø i fokus; sosiokulturell stedsanalyse for byutvikling og profilering.» .....	14
6.	Arealstrategi .....	15
6.1	Attraktiv og berekraftig .....	15
6.2	Senterstruktur.....	16
6.3	Næringsutvikling .....	17
6.4	Bustadbygging .....	17
7.	Overordna utfordringar og djupdykk i samfunnsdelen .....	18
7.1	Økonomisk handlefridom .....	18
7.1.1	Frie disponible inntekter og ressursbruk.....	18
7.1.2	Kostnadseffektivitet .....	20
7.1.3	Handlingsreglar og krav til finansielle måltal.....	22
7.1.4	Utvikling lånegjeld .....	22
7.1.5	Demografiutgifter 2023-2032 .....	23
7.2	Kommunebarometeret.....	26
7.3	Arbeid og sysselsetting .....	27
7.4	Levekår .....	30
7.4.1	Folkehelseprofil for Kinn kommune utarbeidd av FHI .....	30
7.5	Levevaner og helse .....	31
7.5.1	Oppvekstprofil for Kinn 2022 .....	32
7.5.2	Ungdata 2021 .....	32
7.5.3	Kven er brukarane av pleie- og omsorgstenestene per i dag? .....	32
7.6	Inkluderande samfunn .....	34
7.6.1	Utanforskap .....	34
7.6.2	Sosiale skilnader.....	38
7.6.3	Inkluderande kommunikasjon .....	38
7.6.4	Inkluderande oppvekst .....	38
7.6.5	Inkluderande arbeidsliv. ....	39
7.6.6	Kultur, fritid og deltaking .....	40
7.6.7	Aldersvenleg samfunn og sosiale buformer.....	41
7.7	Folk og busetting .....	42
7.8	Demokrati .....	44
7.9	Innovasjon .....	44
7.9.1	Innovasjon og digitalisering .....	44
7.9.2	Framtidig behov for tenester .....	45
7.10	Infrastruktur .....	45
7.11	Areal, dyrka jord og kulturminne .....	48
7.12	Natur, klima og miljø .....	48

## 1. Innleiing

Dette dokumentet gir oversikt over viktige utviklingstrekk og prognosar for demografiframskrivning for Kinn kommune både som samfunn og som organisasjon. Dokumentet er eit bakgrunnsdokument for den kommunale planstrategien, kommuneplanen og andre planarbeid.

## 2. Faktagrunnlag

I tillegg til dette dokumentet er følgjande faktagrunnlag nytta:

- [Økonomisk analyse av Kinn kommune – Agenda Kaupang](#)
- [Telemarksforskning, attraktivitetsanalyse av Kinn](#)
- [Folkehelseoversikt for Kinn](#)
- [Verdiskapings- og ringvirkingsanalyse av Måløy-regionen](#). Rapport frå Menon Economics.
- [Bakgrunnsmateriale for utarbeiding av Temaplan for oppvekst](#).
- [Bakgrunnsmateriale for utarbeiding av temaplan for helse og velferd](#)
- [Plan for frivilligheit](#)
- [Temaplan for helse og velferd, med tilhøyrande faktagrunnlag](#)
- [Temaplan for oppvekst, med tilhøyrande faktagrunnlag](#)
- [Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald](#).

## 3. Innsatsområde

### 3.1 Overordna utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter i Kinn

For å møte dei store utfordringane fram mot 2030/2050 må vi gripe moglegheiter og planlegge og handle allereie no. Både i oktober 2022 og i januar 2023 har vi gjennomført kommunestyrekonferansar. I januar deltok både tenesteleiarar og politikarar og representantar for innbyggjarane. Dette er ei oppsummering av dei største utfordringane og moglegheitene vi må jobbe med vidare:

- demografiutfordring med fleire eldre og færre barn og unge
- sterk reduksjon av aldersbæreevna (lågare andel personar i yrkesaktiv alder i forhold til andel eldre)
- sterkt og omstillingsdyktig næringsliv med stort fokus på det grøne skifte
- redusere klimafotavtrykket vårt og ta vare på naturen
- mangel på arbeidskraft og kompetanse
- nye lover, med nye oppgåver, som gir kommunen større ansvar for innbyggjarane sine rettigheter
- kompetanse- og dokumentasjonskrav og staten som overprøver kommunale vedtak, med påfølgjande tilsyn med kommunen
- økonomisk omstilling med reduksjon i driftsrammer og ei omfordeling av ressursar mellom helse- og velferdssektoren og oppvekstsektoren.
- fleirfagleg samarbeid
- bygge ein kommune med to kommunesenter og to ulike lokalsamfunn
- organisering av tenestene både i innhald og struktur
- tillitsskapande kommunikasjon og samskaping med innbyggjarane, politikarane, næringsliv og frivillige
- drifts- og investeringsanalyse i eit 20-40 års perspektiv
- aldersvenleg samfunn
- hindre utanforskap gjennom å tenke i eit livsløpsperspektiv og skape trygge overgangar

- forebygge at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar
- høg gjeld og mange planlagde investeringar stiller krav til prioritering av ressursar
- livsmeistring i alle aldrar


### 3.2 Verdier og samskaping

Gjeldande samfunnsdel er nytta litt silobasert og ved revisjon prøver vi å vri innretninga slik at vi gjennom drøfting og dialog saman kjem fram til radikal endring. Samfunnsdelen må greie å skape kultur for endring heller enn å vere ei ønskeliste av t.d. tiltak, bygg, prosjekt og tenester.

Verdiar som femner berekraftsmåla og som skal prege planprosessen:



For å løyse dei store utfordringane må vi samskape med innbyggjarane, frivillige, kunnskapsmiljø og næringsliv. I alle innsatsområde skal det difor i tillegg til verdiar leggest vekt på kva vi alle kan bidra med. Saman må vi difor sette oss delmål for alle aktørane som er med på å gjere Kinn til ein inkluderande og attraktiv kommune for alle.



**Vi tek ansvar og jobbar saman:** Samskaping er kjenneteikna ved at alle aktørar som er relevante for å løyse eit problem skal samlast i eit engasjert samarbeid for å definere utfordringar, finne løysingar, og implementere dei på ein berekraftig måte.

**Vi inkluderer:** Der du kjenner deg trygg og velkommen vil du tilbake. Mangfald og inkludering heng nært saman med folkehelse, gode lokalsamfunn, arbeidsliv, oppvekst og utdanning. Arbeidet med å hindre utanforskap og å skape fellesskap er viktig.

**Vi er innovative:** Innovasjon omhandlar å utgreie mogelegheiter og foreslå nye grep og løysingar for å møte utfordringane. Det kan vere å:

- Ta i bruk ny teknologi
- Utvikle ny teknologi i samarbeid med andre
- Ta i bruk nye arbeidsmetodar
- Kopiere andre som gjer det godt
- Teste ut nye idear og måtar å jobbe på og formidle dei

**Vi er trygge:** Trygge lokalsamfunn, trygt læringsmiljø og trygt arbeidsliv er avgjerande for helse, inkludering og meistring.

### 3.3 Innsatsområde

Ut frå utfordingsbildet er det peika ut tre innsatsområde for revisjon av samfunnsdelen. Kulepunkta under kvart innsatsområde er ikkje ei uttømmende opplisting. Medverknadsprosessen vil vere med på å forme fokus og innhald.

#### Berekraftig samfunnsutvikling i tråd med den demografiske utviklinga

- Sterk auke i tal eldre. Ser vi heilt mot 2050 er det ein vekst på over 150% i talet på eldre over 80 år.
- Auke i tal menneske med demenssjukdom
- Færre barn og unge
- Hindre utanforskap i aldersgruppa 20-29 år
- Mangel på arbeidskraft.
- Levande aldersvenlege lokalsamfunn og senter
- Sentralisering av tenester
- Fleirfagleg samarbeid
- Bygge ein kommune
- Ressursforvaltning og innovasjon
- Arealstrategi, bustader og infrastruktur
- Samskaping med frivillige, kunnskapsmiljø, næringsliv og innbyggjarar

#### Klimafotavtrykket vårt; berekraftig forbruk og grøn konkurransekraft

- Innbyggjarane sitt klimafotavtrykk
- Naturmangfald og naturgoder, klimagassopptak og karbonlagring
- Klimarisiko
- Hindre utanforskap som følgje av klimatiltak/tilpassing osv.
- Fleirfagleg samarbeid
- Ressursforvaltning og innovasjon
- Arealstrategi, bustader og infrastruktur
- Samskaping med frivillige, kunnskapsmiljø, næringsliv og innbyggjarar

#### Omstilling i Kinn

Omstilling i oppvekst med fokus på demografi, førebygging, samskaping og inkludering

- Ressursforvaltning og innovasjon
- Demografiutfordring
- Fleirfagleg samarbeid
- Sentralisert barnehage- og skulestruktur kontra desentralisert tilbod
- Spesialundervisning
- Bygge ein kommune
- Familierettleiing og foreldrerolla
- Hindre utanforskap
- Strukturar for samskaping
- Førebyggjande arbeid barn og unge

Omstilling i helse og velferd med fokus på demografi, samskaping, redusert tilgjengeleg arbeidskraft og auka behov for tenester.

- Ressursforvaltning og innovasjon
- Demografiutfordring
- Fleirfagleg samarbeid
- Sentralisering av tenester, revidering av kriteria og prinsipp for tenestetildeling
- Bygge ein kommune
- Aukande andel eldre i befolkninga
- Hindre utanforskap
- Strukturar for samskaping

- Førebyggande arbeid

Omstilling innan samfunn, kultur og miljø med fokus på demografi og berekraftig samfunnsutvikling

- Ressursforvaltning og innovasjon
- Demografiutfordring
- Bygge ein kommune
- Hindre utanforskap
- Førebyggande arbeid
- Struktur for samskaping

#### 4. Medverknad

Vi skal samskape med innbyggerane, frivillige, kunnskapsmiljø og næringsliv. Det vert då viktig å kommunisere utfordringane vi står ovanfor slik at innbyggerane oppfattar og tek eigarskap til utfordringane. Tidleg i prosessen skal det difor utarbeidast ein kommunikasjonsplan med ein interessentanalyse.

Kommunikasjonsplanen skal ta stilling til:

- Er bruk av teamsmøte internt i Kinn kommune ein god måte å sikre medverknad frå tilsette?
- Involvering av tilsette
- Korleis få til ein god digital innbyggarmedverknad?
- Er bruk av innbyggerpanel ein god måte å medverke med innbyggerane?
- Informasjon og medverknad på eksisterande møteplassar

Eit innbyggerpanel er ein samling av innbyggjarar som frivillig er interessert i å delta i utviklinga av lokalsamfunn og kommunale tenester. Panelet må vere eit representativt utval av innbyggjarar både med omsyn til kjønn, alder og geografi. Undervegs i planprosessen skal panelet inviterast til å delta i undersøkingar og inviterast inn til utforske og foreslå løysingar på aktuelle problemstillingar i dei ulike innsatsområda i planen. Desse løysingane kan så drøftast med interessentane knytt til problemstillinga.

Sentrale spørsmål vi skal stille oss før vi inviterer til dialog:


- Kan dialogen auke innbyggerane sin kompetanse om kommunen sitt ansvar og behov for prioritering?
- Treng administrasjonen og politikarane å vite korleis innbyggerane sine meiningar og prioriteringar?
- Kva er målet, kven er interessentar og kan innbyggerane påverke resultatet?

Vi skal elles nytte eksisterande formelle og uformelle fysiske møteplassar som arena for dialog og medverknad.


I starten av planarbeidet skal det gjennomførast ei innbyggerundersøking som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag inn i arbeidet med innsatsområda.

Undervegs i planprosessen skal ein vurdere å nytte brukarundersøkingar og brukarreiser for å kartlegge og innhente erfaring frå brukarane av tenestene. Dette skal nyttast til å sjå behov for endring og forbetring.


## 5. Demografi



Figur 1. Kjelde Telemarksforskning. Befolkning 2001




Figur 2. Kjelde Telemarksforskning. Befolkning 2021.



Figur 3. Kjelde SSB/KOMPAS. Befolkning 2050.



Figurane viser ein befolkningspyramide som er ein illustrasjon av befolkninga fordelt på alder og kjønn.

- Alle kommunar ønskjer seg ein befolkningspyramide som ser ut som ein pyramide/trekant, fordi dette er eit teikn på sterk befolkningsvekst med en stor andel unge slik situasjonen var i 2001.
- I Kinn har pyramiden har ein innsnevring i underkant og innsnevringa er større enn elles i landet i 2021.
- Framskrivning mot 2050 viser færre barn og unge, færre i produktiv alder og fleire eldre.



Figur 4. Kjelde ssb

Dei siste åra har det vore nedgang i folketalet i Kinn, med unntak av 2022. SSB sine prognosar (middelalternativet MMMM) legg til grunn at dette vert trenden framover.



Figur 5. Kjelde SSB 01222

Kinn har eit negativt fødselsoverskot. 2022 har vore eit år med stor flytting knytt til både innvandring og flytting til andre kommunar, noko som i stor grad skuldast krigen i Ukraina.




Den negative innanlands flyttinga er det interessant å vite meir om. Tabellen viser den fordelt på aldersgrupper (Kjelde ssb 13255):

	Innflyttingar		Utflyttingar		Nettoflytting	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021
<b>0-5 år</b>	26	48	24	28	2	20
<b>6-17 år</b>	28	26	58	43	-30	-17
<b>18-29 år</b>	187	200	267	322	-80	-122
<b>30 år eller eldre</b>	166	186	165	191	1	-5
<b>Totalt</b>	407	460	514	584	-107	-124

Om lag like mange over 30 år flyttar til og frå kommunen. I aldersgruppa 18-29 år er det heile 122 fleire som flyttar frå enn til kommunen.

Den største utflyttinga har vi til Bergen, nabokommunane og Oslo/Bærum.




Figur 6. Anslått befolkningsutvikling for aldersgruppa mellom 15 og 64 år innan 2061 i medlemslanda i PES-nettverket, i prosent. Kjelde OECD


Noreg og dei nordiske landa ligg godt an i forhold til mange av dei europeiske landa når ein samanliknar utviklinga i aldersgruppa mellom 15 og 64 år. Norge og Danmark har om lag ingen endring medan dei baltiske statane, Bulgaria, Romania, Polen, Portugal, Hellas, Italia, Kroatia og Slovakia har ein massiv tilbakegang ned mot 30-40 %.

### 5.1 Meir detaljar knytt til demografiutfordringa


Med bakgrunn i hovudsak låge fødselstal viser prognosane ein nedgang i talet på barn i barnehage både i Florø og i Måløy.




Figur 7. Kjelde SSB/Kompas, hovudalternativet MMMM



Figur 8. Kjelde SSB/Kompas hovudalternativet MMMM




Figur 9. Kjelde Kompas



Figur 10. Kjelde Kompas


Kinn kommune må tilpasse barnehage- og skulestrukturen til den demografiske utviklinga og dei økonomiske rammene som følgjer av dette.

Fødselstalet har vore lågt dei siste åra og dette gir oss utfordringar knytt til lågare barnetal i oppvekstsektoren. Innvandring siste året har til ein viss grad kompensert for nedgangen. Prognosane er utarbeidd med bakgrunn i folketal 31.12. og tek ikkje omsyn til folkeveksten Kinn hadde 2. kvartal 2022. Denne folkeveksten er i stor grad knytt til innvandring.



Figur 11. Kjelde SSB middelalternativet/Kompas


Prognosane tilseier ein nedgang i elevtalet for grunnskulen i Måløy. Tala viser kor mange barn som er folkeregisterregistrert i skulekretsane og ein prognose for utvikling framover.



Figur 12. Kjelde SSB middelalternativet/Kompas


Prognosane tilseier ein nedgang i elevtalet for grunnskulane i Florø. Tala viser kor mange barn som er folkeregisterregistrert i skulekretsane og ein prognose for utvikling framover. Dei tre skulekretsane Florø barneskule, Torvmyrane skule og Krokane skule er slått saman til Florø, med bakgrunn i at det er svært mange barn på desse skulane som har folkeregisteradresse utanfor skulekretsen dei går på skule i. Dette for å vise den samla utviklinga framover. Ein kunne ha splitta i tre skulekretsar slik det er i dag, men då ville tala ikkje vise kor mange som faktisk går på den einkilde skulen. For Eikefjord og Brandsøy skulekrets er barna i hovudsak busett i den skulekretsen dei faktisk går på skule i.

Samtidig med at barnetalet går ned, vert det vekst i den eldre delen av befolkninga.




Kjelde SSB

Prognosane viser ein jamn vekst i talet på eldre framover. Ser vi heilt mot 2050 er det ein vekst på over 150% i talet på eldre over 80 år.



Figur 13. Kjelde KOMPAS/SSB, middel vekst

Både i Måløy og i Florø tilseier prognosane ein vekst i talet på eldre over 80 år. Samstundes med dette vert det færre i arbeidsfør alder.



Figur 14. Kjelde KOMPAS/SSB, middel vekst

## 5.2 Korleis kan vi få folk til å verte buande i Kinn?

### 5.2.1 «Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000 tallet»

Rapporten, utarbeidd av NIBIR 2012, peikar på seks hovudfaktorar for flyttemønsteret vårt; arbeid, bustad, stad og miljø, familie, helse og utdanning. Dei fire første dekker 93 % av grunnane til å flytte / å bli buande. Arbeid og bustad dekker basis behova våre, når desse er dekt betyr dei meir individorienterte grunnane meir. Når det å få arbeid er enkelt, er det også enklare å velje vekk arbeid som motiv for å flytte eller bli buande.

### 5.2.2 «Fra flyktning til Floraværing»

I 2012 vart det utarbeidd ein rapport [Fra flyktning til Floraværing?](#) Rapporten vart utarbeidd av NTNU Samfunnsforskning og var ein evaluering av arbeidet med flyktningar og innvandrarak i kommunen. Rapporten belyser ulike strategiar og utfordringar i arbeidet for å vurdere vidare busetting av flyktningar, samt planlegging av tiltak for å gjere kommunen til en meir inkluderande og betre kommune for innvandrarbefolkninga. Hovudfokus var på organisering av og innhald i arbeidet og korleis innvandrarakane sjølv opplever og erfarer kommunen sitt arbeid.

Det som vert trekt fram i rapporten som utfordringar i arbeidet er:

- Arbeid/sysselsetting
- Bustad/framskaffing av bustad
- Integrering/møteplassar der innvandrarakar og nordmenn kan møte kvarandre

Den store utflyttingsrata vert og tatt fram som ein utfordring for kommunen, dvs. at mange av dei som vert busett i kommunen ikkje vert buande men flyttar til andre kommunar. Det vert skrive i rapporten at å skape tilhøyr til staden vil vere viktig for å hindre flytting grunna manglande integrering. Det vert og problematisert i rapporten at barn- og unge sine særeigne behov t.d. som psykiske vanskar, mistilpassingar knytt til seinskadar frå flukt eller lang tid i asylmottak vart lite ivaretekne.

### 5.2.3 «Florø i fokus; sosiokulturell stedsanalyse for byutvikling og profilering.»

NIBR-rapport 2010:6 (Utført på oppdrag frå Sunnfjord 2020 og Flora kommune 2009-2010)

#### Særpreg for Florø:

- Unik næringslivsstruktur med moderne industri som skipsbygging, olje, gass, offshoreverksemd, havbruk og fiskebasert verksemd og industri.
- Rangert som nr 25 i oversikt over innovative næringskommunar i Norge.
- Det moderne og framtidsretta ved næringslivet er ikkje så langt framme i samtalar eller synleg i bybildet som posisjonen skulle tilseie. Næringslivet framstår ikkje som eit fellesgode det knyt seg stoltheit til.
- Viktig særpreg: sjøbasert transport, ferjer, fiskebåtar, hurtigruta og cruiseskip. 330 skvadron. Kystnær kulturell og sosial identitet
- Florø er "sommerbyen". God gjestehamn – manglar kaipromenade.
- Førde er storebror og vekstsenter, som medfører "kollektivt vedmod" i Florø som stadfestar negativ identitet som skygger over det ein får til.

#### Demografi, tilflytting og arbeidsplassar:

- Yngre befolkning enn elles i fylket og fleire skolebarn, noko som kan bety at byen er ein attraktiv by å bu i for unge barnefamiliar.

- Tilbakeflytting av unge i etableringsfasen som synest byen er kompakt og nær, trygt og godt – men ikkje for trong, med bra kulturliv
- Manglar interessante arbeidsplassar for folk med høg utdanning innan vidt spekter, fleire typar bustad, og moglegheiter for båt plass.
- Viktig med kompetansehevande miljø og næringshagar som kan bidra til kompetansebygging. Mellom anna innan marinteknologi og kulturbaserte næringar (i mangel på høgskule)
- Dei fleste som etablerer seg her har kjennskap til byen (kjem frå regionen eller dei er tilbakeflyttarar)
- Tilflytting frå utlandet; arbeidsinnvandring eller flyktningar.
- Det "internasjonale Florø" er så å si ikkje tilstade i bybildet i form av kafear, butikkar eller matutsal.

#### Framtidsbilde og byutvikling:

- Bruke ungdommen som ressurs.
- Profilere byen betre. Florø som konferanseby med opplevelses- og aktivitetspakkar.
- I alle framtidsbilde finn vi at Florø har eit vitalisert, levande og livskraftig bysentrum.
- Lokale stadsutviklarar må forhalde seg til heilskapen i forslag og innspel – og samtidig inngå i eit fellesskap som består av andre enn sine tradisjonelle allianseskaparar. ( Ikkje berre innhald – men prosess)
- Viktig med lokalt engasjement og lokalpatriotar. Vært sterke konfliktlinjer mellom bevaring versus riving av gamle bygg; lite gunstig dialog.
- Eigeninteresser og eigarinteresser er både drivkraft og barriere for utvikling.
- Behov for å forene ressursar og interesser er stort. Gjeld enkeltsektorar, mellom sektorar og mellom private og offentlege aktørar.

## 6. Arealstrategi


Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Den gir hovudprinsippa for den langsiktige arealbruk i kommunen og gir dermed føringar for arealdelen til kommuneplanen. Det er arealdelen til kommuneplanen som fastset arealbruken med juridisk bindande verknad.

### 6.1 Attraktiv og berekraftig

Arealbruken skal vere berekraftig og gjere kommunen attraktiv å besøke, bu og drive næring i. Strategien gir den overordna føringa for arealpolitikken i Kinn. Det er i stor grad her samfunnsdelen gir føringar for arealdelen. Det er sett fokus på arealstrategisk tenking i innsatsområda for arbeidet med samfunnsdelen. Vi skal ha fokus på:

- berekraftig lokalsamfunnsutvikling
- klima og miljø
- omstillingsarbeid

Arealstrategien må endrast undervegs i planprosessen etter drøftingar og strategiske val i innsatsområda.



1. Vi skal styrke senter i lokalsamfunna. Viktige offentlege og daglege funksjoner bør samlokalisert der og ikkje spreist utover.
2. Vi vil legge stor vekt på betre utnytting og fortetting i allereie utbygde område.
3. Vi skal styrke viktige, blå-grøne samband mellom utbygging og nærliggande natur-, rekreasjons- og friluftsområde.
4. Utbygging av strandsona bør skje mest mogleg konsentrert. I allereie utbygde område, der forholda tillèt det og konsekvensane ikkje blir negative, kan det vere aktuelt å nytte strandsona til bustad-, fritids- og næringsbygg.
5. Vi vil ha samanhengande gangnettverk og tilrettelegge for bruk av sykkel
6. Alle plangrep og tiltak innanfor lokale sentra bør føre til forsterking og ikkje redusere kvalitetar som t.d. sosial arena og gangvennlegheit. Sentrumsavgrensing bør definerast i arealdelen.
7. Kollektive knutepunkt skal brukast som verktøy for forbetring av transportsystem og tilgjenge.
8. Store parkeringsplassar og langtidsparkeringar skal ikkje plasserast innanfor kjernen av lokale sentre, men det bør vere mogleg å finne parkering innanfor gåavstand frå sentra.
9. Nye byggjeområde skal som hovudregel planleggast i område utan fare.
10. Av omsyn til klima og naturmangfald er målet arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruke bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur.
11. Ved utbygging skal det settast rekkefølgekrav i arealplanar om utarbeiding av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA).

## 6.2 Senterstruktur

I Kinn er det delt kommunesenter mellom Måløy og Florø. Vi har mange gode lokalsamfunn, både med og utan offentlege tenestetilbod og private servicetilbod. Vi har ein desentralisert struktur der tenestene i størst mogleg grad er nær innbyggjarane.

Arealdelen skal vektlegge spreidd utbygging i allereie utbygde område og tettare utbygging i dei større bygdene. Levande bygder og meir urbane byar er viktig for at Kinn skal verte ein attraktiv kommune å bu i.



### 6.3 Næringsutvikling

Vi utviklar Florø som regionsenter på kysten ved å nytte Kinn sine samla ressursar.

Vi skal legge til rette for at vi kan utnytte den ressursrike og produktive kystregionen. Det er viktig at det er god kommunikasjon både på land og i sjø.

Stamnetthamnene i Florø og i Måløy må ha rom for vidareutvikling og det må planleggast for betre kommunikasjon til regionsentra Bergen og Ålesund.

Vi har godt samarbeid med næringslivet for å tidleg identifisere arealbehov og sikrar differensierte næringsareal.

Vi nyttar aktivt fordelane med kystkvalitetar og skjermar inngrepsfri kystsona.

Vi skal vise handlekraft i samarbeid om planlegging på kysten. Viktige satsingar er infrastrukturtiltak som t.d. kystveg, flyplassutviding, energiløysingar og digital infrastruktur.



### 6.4 Bustadbygging

Kommunen skal vere attraktiv å bu i og det skal vere tilgjengelege bustader og tomter i heile kommunen. Vi skal nytte fordelane våre ved at vi har god plass og at vi har byane Florø og Måløy med urbane kvalitetar, der vi kan fortette og skape meir aktivitet. Vi skal legge til rette for smarte samfunn.

I arbeidet med arealdelen skal vi sikre tilstrekkeleg areal for differensiert bustadbygging. Vi skal i samarbeid med innbyggjarane og næringsliv finne dei gode løysingane.

Levande, trygge og gode lokalsamfunn er ein viktig attraktivitetsfaktor som arealplanlegginga må gi gode rammer for. Vi må utvikle stadane våre til å verte meir aldersvenlege med fleire gode møteplassar.

Vi byggjer bustader der det er trygt og 40 % av bustadane skal vere tilgjengelege og smarte bueiningar.

## 7. Overordna utfordringar og djupdykk i samfunnsdelen

Samskaping, innovasjon, inkludering og eit trygt samfunn er viktige verdiar som vi skal arbeide med i samfunnsdelen.

Vi skal saman sette retning og mål for korleis vi vil at det skal vere i Kinn.



**Ut frå tilgjengelege ressursar må vi utvikle og levere tenester i samspel med innbyggerane, brukarane og ulike forvaltningsnivå.**


**Dei tilgjengelege ressursane vert knappare i åra framover.**

- Dei siste åra har fødselstala vert låge og prognosane framover tilseier at dette vil halde fram.
- Det er ein aukande del eldre og prognosane tilseier at dette vil halde fram. Vi må vere saman om å bygge eit aldersvenleg samfunn.
- Det er ein auke i talet på brukarar av helsetenester i den yngre og vaksne delen av befolkninga.
- Fleire hamnar i utanforskap og dette krev satsing på inkluderande oppvekst
- Lite forståing for komande situasjon -demografiførnekting.


### 7.1 Økonomisk handlefridom

#### 7.1.1 Frie disponible inntekter og ressursbruk


Kinn kommune har betydeleg høgare frie disponible inntekter enn gjennomsnittet til kommunane i landet. I 2020 hadde Kinn kommune kr 6132 meir i inntekt per innbyggjar enn landssnittet. Likevel gjekk kommunen ut med eit netto driftsresultat som var kr 3677 lågare enn landssnittet per innbyggjar. Årsaka til dette er betening av ei høg lånegjeld, samtidig som kommunen bruker meir ressursar på tenester til innbyggerane og til administrasjon. I 2020 brukte Kinn kommune kr 3908 meir til netto finans og avdrag per innbyggjar enn landsnittet. Samtidig brukte kommunen kr 5348 meir per innbyggjar på tenestene innafor inntektssystemet og kr 706 meir per innbyggjar på administrasjon. Det har vore arbeid med omstilling av drifta sidan samanslåinga, men kommunen har framleis ei drift som er i økonomisk ubalanse.



Figur 15. Kjelde KS hovedmodell disp inntekt og ressursbruk 2019-2020-2021, kommunens frie disponible inntekter og ressursbruk per innbygger. Konserntal. NB! 2021-tala er delvis feil, pga feil hos ssb knytt til sosialteneste.



Figur 16. Kjelde KS hovedmodell disp inntekt og ressursbruk 2019-2020-2021, tenester innafor inntektssystemet. Konserntal. NB! 2021-tala er delvis feil, pga feil hos ssb knytt til sosialteneste.




Figur 17. Kjelde KS hovedmodell disp inntekt og ressursbruk 2019-2020-2021, øvrige tenester. Konserntal.

## 7.1.2 Kostnadseffektivitet

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for kostnadseffektiviteten i dei tre største kommunale tenestene: omsorg, grunnskule og barnehage. Dei sektorvise analysane er så vekta saman til ein samla effektivitet. Analysen er basert på DEA-analyse (Data Envelopment Analysis). Dette er den mest utbreidd analysemetoden i studiar av effektivitet i offentleg sektor. Metoden seier noko om den enkelte kommune sin kostnadseffektivitet i forhold til beste etablerte praksis, der ein måler utvalde produkt av utvalde innsatsfaktorar. Analysen seier lite eller ingenting om resultateffektivitet, formåls effektivitet og prioriteringseffektivitet.

Analysen er ingen fasit, men ein kjelde til refleksjon. Effektivitetsanalysen gir eit utgangspunkt for vurdering av kostnadseffektivitet i kommunane samla og i enkeltkommunar. For at den enkelte kommune skal få riktig forståing av potensiale for kostnadseffektivisering i tenesteproduksjonen, må eigne vurderingar og andre tilnærmingar kome i tillegg. Analysen kan skape medvit om den produksjonen som vert skapt gitt bruken av ressursar. Analysen for 2020 og 2021 er publisert her på [regjeringa si side](#). Der får ein og tilgang til data ned på kommunenivå, og kan med det sjå til kommunar som kjem betre ut i analysen og som ein kan samanlikne seg med.


Kommunane kan maksimalt få ein effektivitetsscore på 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innafor eit tenesteområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn det som er mogleg innafor analyseopplegget. Kinn kommune fekk samla score 73 i 2020 og 71 i 2021.



Figur 18. Kjelde [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no), kostnadseffektivitet, DEA-analyse ved SØF

Figuren nedafor viser kor Kinn ligg i forhold til kommunane i kommunegruppe 7.

Resultater 2021 for kommuner i samme kommunegruppe som Kinn.  
Samlet



Figur 19. Kjelde [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no), kostnadseffektivitet, DEA-analyse ved SØF, kommunegruppe 7

Vi kan til dømes samanlikne Kinn kommune med Voss herad innan omsorg. Kinn kommune har 17% høgare ressursbruk enn Voss. Med unntak av timar til praktisk bistand ligg tenesteproduksjonen likevel lågare enn Voss sin, og svakare resultat for Kinn må sjåast i samanheng med dette. I forhold til Voss produserer Kinn 70% liggedøgn i institusjon, har 77% institusjonsbebuarar med omfattande bistandsbehov, 66% på einerom i institusjon og 92% på timar til heimesjukepleie. På timar til praktisk bistand ligg Kinn 16 prosentpoeng over Voss.

Denne samanlikninga kan vere inngangsporten til eventuelt ytterlegare analyser. Har Kinn noko å lære av Voss kommune i å bli meir kostnadseffektiv? Analysen seier elles ingenting om kvaliteten på tenestene. Kinn kan til dømes gjere ein vurdering av om ein får tilstrekkeleg utbytte av relativt høg ressursbruk gjennom høg kvalitet.

Kommune	Resultat	Innsatsfaktorar, korrigert for busettingsmønster	Produkt				
			Liggedøgn i institusjon	Institusjonsbebuarar med omfattande bistandsbehov	Einerom i institusjon	Timar til heimesjukepleie	Timar til praktisk bistand
4602 Kinn	67	465345	44300	110	125	101834	229015
4621 Voss	89	398465	63359	143	189	110539	197805
		1,17	0,70	0,77	0,66	0,92	1,16

Figur 20. Kjelde tal frå DEA-analyse ved SØF, kostnadseffektivitet, [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

### 7.1.3 Handlingsreglar og krav til finansielle måltal

Kinn kommunestyre vedtok i sak 167/21 langsiktige krav til fire finansielle måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2%
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 170%
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8%
- Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter: 11,5%

I same sak vart følgande handlingsreglar innført som bidrag til å oppnå krav til finansielle måltal:

- A. Årleg låneopptak skal ikkje overstige tilhøyrande årleg minimumsavdrag
- B. Skatteinntekter og skatteutjamning utover årlege bevillingar i statsbudsjett og revidert nasjonalbudsjett skal settast av til eit disposisjonsfond med namn skattebufferfond
- C. Kinn kommune skal legge til grunn ei budsjettrente som ligg 0,3 prosentpoeng høgare enn berekna gjennomsnittleg rente knytt til kommunen si låneportefølje. Eventuelt realisert mindretgift skal settast av til eit disposisjonsfond med namn rentebufferfond
- D. Inntekter frå havbruksfond og produksjonsavgift frå havbruk skal settast av til eit disposisjonsfond med namn havbruksfond. I første omgang gjeld dette halvparten av dei ekstra inntektene kommunen får annakvart år.

I vedteken økonomiplan 2023-2026 i sak 183/22 kjem dei finansielle måltala ut som vist i tabellen nedafor. Så langt tilfredsstillar ikkje økonomiplanen krava til dei finansielle måltala. Handlingsreglane er ikkje innfridd.

Kinn kommune	Opphavleg				Økonomiplan 2023-2026				Langsiktig mål
	R2020	R2021	B2022	Gjeldane B2022	2023	2024	2025	2026	
Brutto driftsinntekter	1 648 776	1 757 670	1 681 502	1 703 663	1 781 664	1 824 584	1 797 352	1 822 480	
Netto driftsresultat	-32 698	25 304	2 480	-7 247	-20 871	20 279	17 358	34 939	
Netto lånegjeld 31.12	2 419 794	2 460 657	2 598 564	2 515 815	2 665 021	2 903 658	3 189 031	3 171 560	
Disposisjonsfond 31.12	15 192	40 407	8 575	33 764	10 595	28 694	41 990	73 388	
Netto renter og avdrag	132 978	133 548	151 259	155 494	199 829	216 118	238 206	248 433	
<b>Finansielle måltal:</b>									
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-2,0%	1,4%	0,1%	-0,4%	-1,2%	1,1%	1,0%	1,9%	2%
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	146,8%	140,0%	154,5%	147,7%	149,6%	159,1%	177,4%	174,0%	170%
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	0,9%	2,3%	0,5%	2,0%	0,6%	1,6%	2,3%	4,0%	8%
Netto renter og avdrag i % av brutto driftsinntekter	8,1%	7,6%	9,0%	9,1%	11,2%	11,8%	13,3%	13,6%	11,5%


Figur 21. Kjelde Kinn kommune sin økonomiplan 2023-2026, kapittel Finansielle måltal

### 7.1.4 Utvikling lånegjeld

Riksrevisjonen har peika på at kommunar er spesielt utsett viss netto driftsresultat er under 2 prosent, disposisjonsfond er lågare enn 5 prosent og gjeldsnivå er høgare enn 75 prosent av inntektene.

Det er i gjeldande økonomiplan lagt til grunn ei auke i lånegjelda stipulert til 4,076 mrd. kroner innan utgangen av 2026. I denne summen ligg samla lånegjeld, det vil seie at lånegjelda inkluderer utlån til kommunale føretak, startlån, sjølvfinansierande lån knytt til VAR og lån der kapitalutgifter vert dekkja av kompensasjonstilskot frå Husbanken eller reduksjon i andre driftsutgifter. Netto lånegjeld er budsjettert til å bli 3,171 mrd. kroner i 2026, som utgjer 174% av budsjetterte inntekter. *Høgare opplåning i perioden 2023-*

26 utover årleg avdrag reduserer kommunen si investeringsevne i 2027-30 på grunn av presset dette skaper på drifta.



Figur 22. Kjelde vedteken økonomiplan 2023-2026, kapittel utvikling lånegjeld

Periode	Total balanse	Faktisk balanse (uten refin. og simulerte lån)	Balanse forventede refinansieringer	Balanse simulerte lån	Gjennomsnittlig faktisk rente (30/360)
2022	3 019 794 031,56	3 019 794 031,56	0,00	0,00	2,1191%
2023	3 197 036 604,56	2 887 090 772,56	111 380 000,00	198 565 832,00	3,3990%
2024	3 551 094 824,56	2 865 210 002,56	111 380 000,00	574 504 822,00	3,5035%
2025	3 999 085 122,56	2 842 990 821,56	111 380 000,00	1 044 714 301,00	3,5277%
2026	4 076 123 141,56	2 819 197 335,56	111 380 000,00	1 145 545 806,00	3,4715%

Figur 23. Kjelde vedteken økonomiplan 2023-2026, kapittel utvikling lånegjeld


	2023	2024	2025	2026	Sum
Sum låneopptak	295 591	441 697	544 454	181 363	1 463 105
<i>Herav</i>					
Startlån		40 000	40 000	40 000	120 000
Utlån KF Hamn	33 650	41 600	88 000	21 000	184 250
Sjølvkost VAR	125 616	112 816	63 266	39 318	341 016
Sum	159 266	194 416	191 266	100 318	645 266
Resterande låneopptak vil belaste kommunen si drift	136 325	247 281	353 188	81 045	817 839

Figur 24. Kjelde vedteken økonomiplan 2023-2026, kapittel utvikling lånegjeld

### 7.1.5 Demografiutgifter 2023-2032


Endringar i befolkninga påverkar kommunane sitt samla utgiftsbehov til velferdstenester som grunnskole, barnehage og pleie og omsorg. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) reknar på korleis kommunesektoren sine utgifter vert påverka av den demografiske utviklinga på nasjonalt nivå. Utrekningane til TBU tar utgangspunkt i SSB sitt middelalternativ (MMMM) for fruktbarheit, levealder og netto innvandring.

KS har utarbeidd ein modell som bruker same metodikk som ligg til grunn for landsanslaget for demografikostnader frå TBU, men då brote ned på den enkelte kommune. Sist oppdaterte modell frå KS tar utgangspunkt i faktiske folketal 1.1.2022 og demografikostnadene er berekna i 2022-prisnivå. Figurane nedfor viser korleis Kinn kommune kjem ut i demografimodellen til KS fram mot 2032, samanlikna med landet og med kommunane i Vestland samla sett. Merk at utrekningane tar utgangspunkt i gjennomsnittleg utgiftsnivå på landsnivå, og ikkje Kinn kommune sine reelle utgifter.



Figur 25. Kjelde KS demografimodell 2022, prosentvis endring objektivt utgiftsbehov demografi Kinn kommune, landet og Vestland 2022-2032, i alt, pleie og omsorg, grunnskule og barnehage.

Figuren nedafor viser anslag for prosentvis endring i Kinn kommune sitt objektive utgiftsbehov knytt til demografi frå 2022 til 2032. I sum vil ikkje Kinn kommune ha noko auka utgiftsbehov av betydning i løpet av dei neste 10 åra. Samtidig er det berekna eit objektivt auka utgiftsbehov innan pleie og omsorg på 23% medan utgiftsbehovet i grunnskule vert redusert med 22% og barnehage redusert med 7%.



Figur 26. Kjelde KS demografimodell 2022, prosentvis endring utgiftsbehov demografi Kinn kommune 2022-2032

Tabellen nedafor viser akkumulert endring i utgiftsbehovet uttrykt i kroner. Objektivt sett vil utgiftsbehovet innan pleie og omsorg auke med årleg 108 millionar kroner innan 2032, medan behovet innan grunnskule vil bli redusert med årleg 75 millionar kroner og barnehage redusert med årleg 12 millionar kroner. Tilsvarande viser sosial reduksjon 5 millionar kroner, barnevern



reduksjon 8 millionar kroner og kommunehelse auke på i underkant 3 millionar kroner. I sum er det soleis berekna at Kinn kommune vil ha eit auka utgiftsbehov på i underkant av 10 millionar kroner årleg innan 2032.

Demografimodellen til KS viser korleis kommunen sitt brutto utgiftsbehov vert påverka av endringar i befolkninga, gitt landsgjennomsnittet sine utgifter per innbyggjar. Endringar i *brutto* utgiftsbehov som kjem fram i modellen vil dermed måtte bli finansiert av frie inntekter, øyremerka tilskot og brukarbetalingar. I og med at det samla utgiftsbehovet til Kinn kommune nesten ikkje aukar, må kommunen sjølv omstille si drift for å justere tenestetilbodet til dei innbyggjarane som framover bur i kommunen. Ut frå demografimodellen til KS kan det sjå ut som at Kinn må flytte midlar frå oppvekst til pleie og omsorg. Men merk at demografimodellen bereknar det objektive utgiftsbehovet ut frå gjennomsnittlege utgifter per innbyggjar på landsbasis. Framtidige planar, innovasjons- og omstillingsarbeid må også ta innover seg kommunen si faktiske drift, reelt ressursbruk og reell kostnadseffektivitet. Dette er med anna vist i kapittel 6.2.1 og 6.2.2.

### Anslag akkumulert endring Kinn kommune sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som følge av endring i befolkninga

(2022 kroner og endring frå 1.1.2022)

År	Pleie- og omsorg			Kommune-			Sum
	Grunnskule	Barnehage	Sosial	helse	Barnevern		
2023	11 863	-2 988	-6 267	-635	362	-799	1 536
2024	19 642	-8 806	-9 851	-1 214	590	-1 722	-1 361
2025	27 273	-24 217	-9 088	-1 638	689	-3 073	-10 054
2026	38 818	-35 225	-7 675	-2 340	1 036	-3 977	-9 363
2027	49 061	-47 648	-8 198	-2 865	1 328	-5 019	-13 341
2028	60 618	-58 341	-11 868	-3 148	1 603	-6 077	-17 213
2029	71 095	-64 631	-13 116	-3 483	1 793	-6 762	-15 104
2030	83 621	-68 248	-13 447	-4 047	2 135	-7 243	-7 229
2031	96 438	-70 607	-13 319	-4 671	2 461	-7 651	2 651
<b>2032</b>	<b>108 028</b>	<b>-75 482</b>	<b>-12 274</b>	<b>-5 323</b>	<b>2 764</b>	<b>-8 219</b>	<b>9 494</b>

Figur 27. Kjelde KS demografimodell 2022, anslag akkumulert endring Kinn kommune sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som følgje av endring i befolkninga fram mot 2032

### Simulering demografi aldersgruppa 0-15 år

Kor mange fleire barn og unge i aldersgruppa 0-15 år enn framskrivingane til SSB må Kinn kommune ha for å ikkje få trekk i rammetilskotet fram mot 2032? Svaret er så enkelt at Kinn kommune då må oppretthalde dagens folketal i aldersgruppa 0-15 år. Framskrivningane i KS sin demografimodell viser reduksjon 540 barn og unge i aldersgruppa 0-15 år. Kinn kommune må med andre ord finne nye 540 barn og unge for å unngå reduksjonen i rammetilskotet.

Aldersgruppe	Faktisk folketal 1.1.2022	KS demografi- modell, basert på SSB MMMM	Endring
	2022	2032	
0-1 år	309	300	-9
2-5 år	676	625	-51
6-15 år	2210	1730	-480
Sum	5217	4687	-540

### Simulering demografi gjennomsnittsinbyggaren

I gjennomsnitt har Kinn kommune kr 70 000 i inntekt (skatt og rammetilskot) per innbyggjar. Samla redusert utgiftsbehov innan grunnskule og barnehage er på 88 millionar kroner. Forenkla sagt må Kinn kommune ha 1257 fleire innbyggjarar enn SSB sine framskrivningar fram mot 2032 viser, for å oppretthalde ei inntekt på 88 millionar kroner. I forhold til samla rammereduksjon på 188 millionar kroner i økonomiplan 2023-2026 må Kinn kommune ha 2686 fleire innbyggjarar enn kva framskrivningane til SSB viser. Dette er to forenkla utrekningar, men dei viser at det skal betydeleg mange innbyggjarar til for å kunne oppretthalde tenesteomfang og tenestestruktur som i dag.

## 7.2 Kommunebarometeret

Kinn hamnar på ein 175.plass i Kommunebarometeret 2022 frå kommunal rapport. Dei ulike resultatata er med i faktagrunnlaget. Det er ikkje med data frå før kommunesamanslåinga i 2020.

Oppsummering frå kommunebarometeret 2022:

*Av dem som bor på sykehjem, var tendensen at 82 prosent hadde omfattende pleiebehov i 2021. Andelen øker over tid, dette indikerer at innsatsen fortsatt dreies mot hjemmebasert omsorg, og at man må være mer pleietrengende enn før for å få sykehjems plass. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov.*

*For Kinn hadde 89,43 prosent av dem som bodde på sykehjem, et omfattende bistandsbehov i fjor. Dette er høyere enn for mange kommuner i landet. Dette kan tyde på at kommunen i større grad har satset på hjemmebasert omsorg for dem som kan motta dette.*

*Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sykehjem har en grad av demens. I Kinn var 71,91 prosent av plassene på sykehjem skjermede og tilpasset demente i fjor. Dette er bedre enn i de fleste kommuner i landet. Fra 2020 har kommunene fått en lovpålagt plikt til å ha et dagaktivitetstilbud for hjemmeboende med demens. Av de kommunene som har rapportert tall for dette til Helsedirektoratet, er tendensen at 33,4 prosent av de hjemmeboende med demens har vedtak om dagtilbud. I Kinn har 35 prosent av hjemmeboende med demens dette tilbudet.*

*Nasjonalt har andelen saker i barnevernet som tar mer enn tre måneder å behandle, gått litt ned de siste årene. Den nasjonale tendensen viser at kommunene nå overholder den normale saksbehandlingsfristen i lovverket i 88,77 prosent av sakene. Andelen fristbrudd er halvert på noen få år.*

*I Kinn behandles 96 prosent av sakene innenfor tre måneder. Dette er bedre enn de fleste kommunene i landet.*

Kinn har ifølge statistikkene 5,8 barn per årsverk i de kommunale barnehagene. Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, fortsetter å øke nasjonalt. I 2021 var andelen oppe i 86,9 prosent. I Kinn går 90,7 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Ulike tellestidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

I 2018 introduserte vi tre nye nøkkeltall for utslipp av klimagasser i Kommunebarometeret. Tallene viser at utslippene i alle tre kategorier har gått tydelig tilbake de siste årene.

Utslipp av klimagasser i kilo per innbygger i CO<sub>2</sub>-ekvivalenter for Kinn er ikke kjent.

Kommunal Rapport korrigerer netto driftsresultat for å vurdere driftsøkonomien. Nytt for to år siden var at en del kommuner får inntekter fra Havbruksfondet. Denne utbetalingen er trukket fra for å gi et bedre bilde av den langsiktige, løpende driftssituasjonen.

Gjennomsnittlig prosentverdi for korrigert netto driftsresultat var 1,49 i 2020. For dette nøkkeltallet kan det imidlertid være viktigere å se på kommunens eget resultat enn hvordan den klarer seg mot resten av landet.

Kinn har penger på disposisjonsfond, fondet var i fjor på 4 prosent av bruttoinntektene til kommunen. Det er mindre enn de fleste andre kommuner i landet.

Netto renteesponert gjeld for Kinn var i fjor på 93,5 prosent av brutto driftsinntekter, noe som er bedre enn de fleste kommunene i landet.

Investeringsnivået i Kinn var i fjor 18,59 prosent av brutto driftsinntekter for de fire siste år, og det er høyere enn de fleste kommunene i landet.»

### 7.3 Arbeid og sysselsetting


Folkehelse rapporten til FHI konkluderer med at for de fleste voksne er arbeid ein stor og viktig del av livet. Dei som er i arbeid, har i gjennomsnitt betre helse enn dei som står utanfor arbeidslivet. Dette skuldast både at sviktande helse fører folk ut av arbeidslivet, og at dei med større helsevanskar møter fleire hindringar på veg inn i arbeidslivet.

Kinn er ein ressurskommune der havet, landskapet og naturkreftene gir mange fortinn.

NHO rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. I [2022](#) er Kinn rangert som nest best og hamnar på ein 102. plass. Vi scorar veldig bra på næringsliv og dårleg på kommunal økonomi og særskildt dårleg på demografi. Kjenneteikn på næringslivet:


- Næringsvariasjon, der vi er nr. 2 i Vestland og nr. 5 i landet.
- Privat sysselsetting (72,3%), der vi er nr. 4 i Vestland og nr. 49 i landet
- Kommunalt kjøp av private tenester (8,4%), der vi er nr. 12 i Vestland og nr. 118 i landet

Kommune	Total	Næringsliv	Arbeidsmarkedet	Demografi	Kompetanse	Kommunal økonomi
<u>Kinn</u>	102	38	96	260	92	163




Figur 28. Kjelde SSB 13760

Talet på sysselsatte i % av befolkninga går noko opp og prosentdelen arbeidsledige av arbeidsstyrken går ned.




Figur 29. Kjelde SSB 11607

Sysselsettinga i Kinn er høg og det er høg og aukande sysselsetting i innvandrarbefolkninga.



Figur 30. Kjelde SSB 11616

I Kinn er det fleire som pendlar ut av regionen enn inn. Talet på sysselsette aukar og fleire av dei sysselsette er busett i regionen når ein samanliknar 2021 med 2020.



Figur 31. Kjelde Telemarksforskning. Utvikling av tal arbeidsplassar i Kinn indeksert slik at nivået i 2000=100, relativt til indeksen for Norge.

Utviklinga i tal arbeidsplassar har vert vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet. Dette gjeld både for privat næringsliv og for offentlig sektor.

Kinn kommune	Syssette personar etter arbeidsstad			
	2011	2016	2021	2011-2021
Kjelde ssb 13470				
<b>00-99 Alle næringar</b>	8893	8660	8535	-358
<b>01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske</b>	445	450	425	-20
<b>05-09 Bergverksdrift og utvinning</b>	147	198	187	40
<b>10-33 Industri</b>	1360	1166	1245	-115
<b>35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon</b>	125	129	126	1
<b>41-43 Bygge- og anleggsverksemd</b>	645	772	727	82
<b>45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner</b>	1025	951	928	-97
<b>49-53 Transport og lagring</b>	1053	832	903	-150
<b>55-56 Overnattings- og serveringsverksemd</b>	268	253	255	-13
<b>58-63 Informasjon og kommunikasjon</b>	98	108	95	-3
<b>64-66 Finansiering og forsikring</b>	65	52	48	-17
<b>68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift</b>	429	416	422	-7
<b>77-82 Forretningsmessig tenesteyting</b>	377	361	413	36
<b>84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring</b>	346	416	357	11
<b>85 Undervisning</b>	675	701	623	-52
<b>86-88 Helse- og sosialtenester</b>	1558	1542	1489	-69
<b>90-99 Personleg tenesteyting</b>	241	261	257	16
<b>00 Uoppgitt</b>	36	52	35	-1

## 7.4 Levekår

Livet består av ulike livsområde, som alle har betydning for korleis vi har det. Det handlar om relasjonane vi har til andre menneske, både dei næraste og generelt, og om vi greier å hente oss inn «mellom slaga». Korleis vi har det når vi er på jobb påverkar livskvaliteten, det same gjer det å ikkje ha høve til å delta i arbeidslivet eller fritidsaktivitetar.

### 7.4.1 Folkehelseprofil for Kinn kommune utarbeidd av FHI

Kinn er eit industrisamfunn med lågt utdanningsnivå samanlikna med landet elles. Dette kan være hovudårsaka til at vi scorar litt dårlege enn andre på ein del folkehelseindikatorar.

Indikatorar som har mest innverknad for folk si helse er utdanningsnivå og inntekt. [Folkehelseprofilen for Kinn 2023](#) viser at innbyggjarane har signifikant lågare utdanningsnivå enn resten av landet, men inntektsnivået er ikkje lågt. Utdanningsnivå har samanheng med kor god helse ein har og kor lenge ein lever.

Indikatorane Kinn scorar signifikant dårlegare på enn landet elles i 2023 er:

- Innbyggjarar med VGS eller høgare utdanning i Kinn (30-39 år)
- Lågaste meistrinsnivå i lesing
- Drikkevatt, hygienisk og stabilt
- Fornøgd med lokalmiljø (ungdata 2021)
- Psykiske symptom (0-74 år)

- Høgare del ungdom med overvekt og fedme
- Antibiotikabruk, reseptar

Delen som gjennomfører vidaregåande opplæring er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået

På nokre felt er Kinn signifikant betre enn landsgjennomsnittet. Det gjeld;

- Barn ev einslege forsørgerar
- Leiger bustad +45
- Bur trongt, 0-17 år
- Luftkvalitet
- Fornøgde med treffstadar (Ungdata 2021)
- Utdanningskilnader i forventa levealder

Andre faktorar knytt til levekår:

- Prosentdelen barn i hushald med vedvarande låginntekt er i Kinn 11%, medan det er 9,8% i Vestland og 12 % i landet. For dei som strevar med å få endane til å møtast er det utfordrande å stå i ein skvis mellom det å dekke familien sitt daglege behov og å gje barn og unge det same som jamnaldrande vener har.
- Barn (0-17 år) av einslege forsørgjarar i Kinn er på 14,1% medan det i Vestland er 13,1%. På nasjonalt nivå er det 14,7%.
- Kinn har ei befolkning med lågt utdanningsnivå. Dette heng delvis saman med at sysselsettinga i kommunen i stor grad er innan privat næring: fiskeri, havbruk, petroleum og verftsindustri som tradisjonelt har gitt trygge og gode arbeidsplassar utan store krav til høgare utdanning. Ei høgare grad av spesialisering i det private næringslivet har endra dette noko, men mangelen på offentlege arbeidsplassar gjer at det framleis er få stillingar for høgt utdanna i kommunen.
- Kinn kommune har hatt høgare arbeidsløysetal enn regionen fram til 2019. Folkehelseinstituttet (FHI) si oversikt over arbeidsledigheit viser at kommunen har hatt nedgang i arbeidsledige siste året, og ligg på 1,4% ledige pr. 1.1.2020, [FHI](#). Pr. desember 2022 har Kinn 2,3% arbeidsledige av arbeidsstyrken (209 personar), noko som er ei auke på 6% frå 2021. Berre 3 kommunar i Vestland ligg høgare enn Kinn, [NAV](#).
- Samanliknar ein NAV sine tal på arbeidsløysa pr. desember 2022 i Kinn med nabokommunar og nokre industrikommunar i gamle Sogn og Fjordane, ser ein at Stad kommune ligg likt med 2,3% ledige av arbeidsstokken, som er ei auke på 18% frå 2021, medan Bremanger har 2,0% ledige som er 30% meir enn året før, Høyanger har 1,7% ledige som er 31% lågare enn året før og Årdal har 1,3% ledige som er 32% lågare enn 2021
- I Kinn er det legemeldte sjukefråværet på 5,4 % av den yrkesaktive befolkninga pr. oktober 2022. Dette er likt med gjennomsnittet for Vestland, men litt over gjennomsnittet for kommunane i gamle Sogn og Fjordane (SBB, [tabell 12451](#)).
- Kinn kommune har 3,6% unge uføre i alderen 18-44 år. I aldersgruppa 18-66 år er det 8,6% uføre. Dette er mindre enn Norge (9,2%) og kommunane Høyanger (10,0%) og Årdal (9,5%). Bremanger (7,8% og Stad (7,6%) ligg lågast. Blant dei eldste (45-66 år) er uføreprosenten i Kinn på 15,1, noko som er høgare enn dei nemnde kommunane med unnatak av Høyanger som ligg høgare med 17;9%. Kvinner er oftare uføretrygda enn menn

## 7.5 Levevaner og helse

Fysisk aktivitet er viktig for helse, trivsel og velvære, i tillegg til at det kan redusere førekomst av ei rekke sjukdommar og plager.

Fysisk aktivitet hos barn er avgjerande for normal vekst og utvikling. I tillegg har det positiv effekt på læring, konsentrasjon og psykisk helse.

I tillegg til fysisk aktivitet, anbefaler Folkehelseinstituttet eit sunt og variert kosthald for å førebygge sjukdom.

- Samanlikna med landet er det i Kinn fleire ungdomsskuleelevar som har hatt mange psykiske plager.
- Samanlikna med landet er det i Kinn fleire i aldersgruppa 15-24 år som har psykiske symptom/lidingar.
- I Kinn er delen av både innvandrarbarna og befolkninga elles i 5. klasse, vesentleg høgare når det gjeld kor mange som er på lågast meistringsnivå i lesing. Ein vesentleg del av innvandrarbarna (53-55%) er på lågaste meistringsnivå i lesing.
- Det er auke i narkotikalovbrot og auka rekruttering til rusmiljøa

### 7.5.1 Oppvekstprofil for Kinn 2022

Kommunen er signifikant betre enn landsgjennomsnittet når det gjeld:

- Vedvarande låginntekt
- Bur trongt, 0-17 år
- Barn av einslege forsyttarar
- Bemanning i barnehage, oppfylt
- Fornøgd med treffstadar, 2021

Kommunen er signifikant dårlegare enn landsgjennomsnittet når det gjeld:

- Barn med barnevernstiltak, 0-17 år
- Lågaste meistringsnivå i lesing 5. trinn
- Gjennomsnittleg grunnskulepoeng
- Fornøgd med lokalmiljøet, Ungdata 2021
- Med i fritidsorganisasjon, Ungdata 2021
- Einsemd, Ungdata 2021
- Psykiske plager, Ungdata 2021
- Psykiske symptom/lidingar, 15-24 år
- Overvekt og sjukleg overvekt, 17 år

### 7.5.2 Ungdata 2021

#### **Samanlikna med andre kommunar rapporterer ungdommane i ungdomsskulen:**

- Brukar meir tid på skjerm, sosiale medium og elektroniske spel
- Er i mindre grad med på organiserte fritidsaktivitetar og fritidsklubbar
- Færre er nøgde med helsa si
- Fleire opplever press på minst to område
- Del ungdomsskuleelevar som rapporterer om psykiske plager er høgare enn landsnivået. Dette omhandlar; søvnproblem, følelse av at alt er eit slit, tristheit, bekymring, anspentheit, eller tankar om at framtida er håplaus.
- Skulen er ein god plass å være for dei fleste, men ikkje for alle.
- Del barn og unge som vert utsett for vald og trakassering i heimen er noko lågare enn landssnittet som er på 5 %
- 22 % av jentene og 7 % av gutane har opplevd seksuell trakassering siste året.


### 7.5.3 Kven er brukarane av pleie- og omsorgstenestene per i dag?

Pasientar og brukar sitt behov for helse- og omsorgstenester er i endring både når det gjeld omfang og innhald. Brukarane er ei differensiert gruppe med ulike




og meir samansette behov. I tillegg til demografi med fleire eldre, og færre yngre, er det stor vekst av pasientar og brukarar under pensjonsalder som treng helse- og velferdstenester.

Aldersgrupper som mottok tenester




Over halvparten av alle som er registrert med helse og velferds tenester er under 75 år

Aldersgruppe over og under 80 år i institusjon




Den største aldersgruppa i institusjon er i gruppa 80 år og over. Likevel er nær 27% av brukarane under 80 år. Årsaka til det er i hovudsak menneske med demenssjukdom.

Aldersgruppe i institusjon og HDO




Den største aldersgruppa i institusjon og HDO er over 80 år. Likevel er nær ¼ i aldersgruppa under 80 år.

Aldersgruppe - Heimetenester



Over halvparten av brukarane som mottok heimetenester er aldersgruppa over 80 år. Men 46% av brukarane er under 80 år. Den aller største brukargruppa er i alderen 50-79 år.


Aldersgruppe - Miljøtenesta



0-17 18-49 50-66 67-74

Den største aldersgruppa i miljøtenesta er 18-49 år, men mange nye brukarar er kome til i aldersgruppa 0-17 år.


Aldersgruppe - Psykisk helse og rus



0-49 50-79 80-90 90+

Den største brukargruppa som har behov for tenester frå Psykisk helse og rus er i aldersgruppa 0-49 år, det utgjør heile 65% av brukarane.


Aldersgruppe - praktisk team



0-49 50-79 80-90 90+

Ein stor del av brukarane som får praktisk bistand til vask av husvære er i aldersgruppene som er under 80 år, dei utgjør om lag 44%.

Aldersgruppe - Fysio og ergoterapi




0-49 50-79 80-90 90+

Fysio- og ergoterapitenesta har eit stort spenn av aldersgrupper som dei gir tenester til. Den største aldersgruppa 0-49 år er på heile 43% av brukarane.

## 7.6 Inkluderande samfunn


### 7.6.1 Utanforskap

Dei som inngår i definisjonen "utanforskap" er dei som ikkje er i arbeid, utdanning eller annan aktivitet og som heller ikkje mottek nokon inntektssikring i form av trygd.




Figur 32. NEET i Kinn (utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarkedstiltak) SSB tabell 13556 Kommunefordelt arbeidsstyrkestatus for personar 20-29 år

I denne aldersgruppa (20-29 år) er dei fleste i ferd med å etablere seg med arbeid og bustad og verte gode skattebetalarar i kommunen. Dei som er i utanforskap fullfører ofte ikkje utdanning, kjem ikkje i arbeid og betalar derfor ikkje skatt til samfunnet. Det er svært ressurskrevjande å få denne gruppa i arbeid og aktivitet. Hjelpeapparatet får ikkje kontakt med denne gruppa fordi dei ikkje oppsøker tenestetilbodet. Samfunnskostnadene ved at ein 19-åring står utanfor arbeidslivet frem til fylte 62 år utgjer 15,9 millionar kroner. Gjennom tidleg innsats i barnehage og skule har kommunen moglegheit til å bidra til at fleire unge gjennomfører vidaregåande opplæring (Kopiert frå Oppvekstprofil Kinn Kommune 2021 [www.fhi.no](http://www.fhi.no)).



Figur 33. Kjelde SSB (11715)

I Kinn er det ein større andel unge som er uføretrygda samanlikna med Vestland og Norge.



Figur 34. Kjelde SSB. Gjennomføringsandel i vidaregåande opplæring, etter foreldra sitt utdanningsnivå. 2006-2020

Rapporten [Inkludering av unge i skole, arbeid og samfunn – en sammenstilling av kunnskap fra nordisk forskning \(AFI-rapport, 2022: 2\)](#) nyttar omgrepet utsette unge om unge i aldersgruppa 13-29 år. Dei har til felles at dei på grunn av psykisk uhelse, rus, lærevanskar, funksjonshemming, omsorgssvikt, låginntekt eller anna, har vanskar med å delta i skule, arbeid eller lokalsamfunn. Dei mest effektive tiltaka er:

1. skreddarsaum og tett oppfølging, noko som krev dedikerte personar med sterkt engasjement. Brbyggjarfunksjon mellom ulike arenaer.
2. samarbeid mellom skule, helseteneste, Nav og arbeidsgivar
3. å bli behandla som eit vanleg menneske


Sitat frå samandraget i rapporten: «*Sentralt er det å legge til rette for «gode møter», gode relasjonar, etablere fellesskaper, tilby passe tett individuell oppfølging fra hjelpere med inkluderingskompetanse, samt å legge til rette for medvirkning. I tillegg er forhold på strukturelt nivå viktige, så som koordinering og samarbeid, fleksible veier gjennom utdanningssystemet, samt parallellitet og samtidighet i bistand og innsatser. Et hovedpoeng er at det kreves kontinuitet og varighet i tiltak og innsatser.*»

Rapporten [Unge som står utenfor arbeid, opplæring og utdanning \(NEET\) \(Rapport 2-2021, NORCE Helse\)](#) konkluderer med at ein høg andel norske NEETs mottar helserelaterte ytingar, har dårlegare psykisk helse og er lavt utdanna, samanlikna med europeiske NEETs. Tydelege risikofaktorar for å bli NEET er lav sosioøkonomisk status og familiebakgrunn, avbrot i skulegang, dårleg psykisk helse, og psykososiale problem. I tillegg er unge som har mottatt tiltak frå barnevernet i oppveksten i mindre grad deltakande i skule- og arbeidsliv ni år etter grunnskule. Dette kan henge saman med sosioøkonomiske faktorar. Innvandrarstatus som ei brei klassifisering er ein risikofaktor for å bli NEET, men her er det store variasjonar knytt til alder for når dei kjem til landet, kva land dei kjem frå, og spesielt foreldra sitt utdanningsnivå.

Kvifor oppstår og korleis opplever unge fråkoplingsprosess? Dei unge meiner psykososiale problem er dominerande og har ført dei inn i ein uønska situasjon.

I kjernen av problema er manglande tilhøyr i viktige relasjonar. Unge fortel om ulike former for brotne eller manglande relasjonar, som har tatt form av omsorgssvikt, trøblete familiebakgrunn, brot i kontakt med foreldre, mobbing i skuleårene, manglande tilhøyr med jamaldrande og einsemd. Mange unge fortel og om ein negativ spiral av manglande meistring og låg sjølvkjensle, mangelfull oppfølging av skole eller NAV, og at dette kan bidra til å akselerere prosessen mot fråfall og utanforskap. Viktige faktorar i påkoplingsprosessen er i stor grad knytt til støttande relasjonar med vaksne som hjelper med å finne vegen vidare, og som legg til rette for meistring. Dei unge tilrår meir fleksibilitet i velferds- og utdanningssystemet.

Kvifor har ikkje systemet fanga opp dei unge og behovet for hjelp?



Figur 35. Figur 5 i rapporten *Unge som står utenfor arbeid, opplæring og utdanning (NEET)*. Døme på to ulike livsløp, basert på faktorar identifisert i litteraturen, som kan virke inn i ulike livsfasar.


Fleire forskingsrapportar tilrår:

- intervensering basert på relasjonelle behov
- tiltak i livsløpsperspektiv
- hjelparen må ha relasjonell kompetanse og «normale» relasjonar til dei unge. Det handlar om å bli møtt og forstått, humor og tydeleg ynskje om å vere saman med dei.
- Nytte evidensbaserte anti-mobbeprogram som t.d. PALS og Olweus
- IPS ung
- Hensiktsmessig samarbeid og treffsikker kompetanse
- Heve implementeringskunnskap

Relasjonell kompetanse ser ut til å vere av avgjerande betydning i samhandlinga mellom aktørar i systemet og dei unge. Det skjøre møtet mellom individ og system vert bært av – eller bristar – avhengig av den relasjonelle kvaliteten på samhandlinga. Individualisert oppfølging kjenneteiknar strukturelle fleksible, oppsøkande og langvarige støttetjenester for unge, som har ein heilskapleg tilnærming til oppfølginga som vert tilbydd. Det bør identifiserast – eller

utviklast – hensiktsmessige modellar for tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid, som teiknar opp føresetnader, barrierar og fasilitatorar for samarbeid, og definering av felles mål. Det er tilrådd å auke implementeringskunnskapen på alle nivåa som er involvert i å utvikle, finansiere og implementere nye tiltak.

## 7.6.2 Sosiale skilnader



Figur 36. Kjelde ssb 07108

I Kinn utgjer innvandrarar og norskfødde 15,05 % av befolkninga. I Vestland er det 14,97 % og snittet for landet er 18,9%.

- Andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt ligg på same nivå som fylket (10%) men under det nasjonale nivået (11,7 %) i 2020. Desse hushalda har under 60% av medianinntekta for hushald i Norge.
- Det er ein auke på barn i hushald med låginntekt på 4,3 % frå 2013 til 2020.
- Nesten halvparten av barna i låginntektsgruppa har berre ein forsørgjar.
- I Kinn er det i aldersgruppa 20-29 år i 2021 10,7 % i "utanforskap". Det vil seie at dei ikkje er i arbeid, utdanning eller annan aktivitet og som heller ikkje mottek nokon inntektssikring i form av trygd.
- I Kinn er det lågare del ungdomsskuleelevar som er med i organiserte fritidsaktivitetar fordelt etter familien sine ulike sosioøkonomiske ressursar (SØR) samanlikna med landet.
- Samanlikna med landet er det i Kinn fleire ungdomsskuleelevar som har hatt mange psykiske plager.
- I 2021 er andelen uføretrygda 10,9 % i Kinn. Andelen er 10,7 % for landet og 9,1 % i Vestland.
- Etterspurnaden av startlån og tilskot veks i Kinn kommune. Hovuddelen av startlåna går til barnefamiljar som treng ein trygg og eigna bustad, men som ikkje får lån i ordinær bank.

## 7.6.3 Inkluderande kommunikasjon

I det vidare arbeidet skal vi drøfte korleis vi skal kome fram til ein kommunikasjon som er utviklande og ikkje konflikt- og polaritetsskapande i Kinn.

## 7.6.4 Inkluderande oppvekst

Omsorgs- og utdanningstenester som når ut til alle barn og unge gir fleire gode moglegheiter, og kan bidra til meir utjamning av levekår dess høgare kvalitet

dei held. Det norske velferdssamfunnet bidreg til at dårlege levekår i mindre grad går i arv i Norge enn i dei fleste andre land (Meld.St.32 (2020-2021)).

Når folk blir ståande utanfor arbeid og utdanning, kan det m.a. ha samanheng med svake grunnleggande ferdigheiter, helseproblem eller vanskelege oppvekstvilkår. Store satsingar i oppvekstsektoren som Kompetanseløftet, Barneverns/oppvekstreforma og fagfornyinga tek sikte på å styrke kunnskapsgrunnlaget i sektoren for å forebygge betre, sette inn tiltak tidleg og inkludere fleire.

“Gode barnehagar og skular som løfter barn uavhengig av bakgrunn er dei viktigaste bidraga for å skape eit samfunn med små forskjellar og like moglegheiter for alle” Meld.St.6 (2019-20 s.7).

At barn og unge med ulik bakgrunn lærar saman i skulen, er viktig for fellesskapet, det byggjer ned forskjellar og opp tilliten vi har til kvarandre. Temaplan for oppvekst tek opp i seg nokre av desse utfordringane

- Språk er nøkkelen til like moglegheiter i skole og samfunn. Gode barnehagar og skular bidreg til å styrke barn og elevar sine språkferdigheiter og reduserer åtferdsvanskar
- Gode overgangar mellom barnehage og skule og SFO kan ha stor betydning for barn sin trivsel, læring og utvikling
- Arbeid for å forhindre at elevar fell ut av opplæring må starte tidleg med fokus på fråvær og fråværsrutinar
- God inkluderande og universell undervisning kan medverke til at færre elevar har bruk for spesialundervisning
- Mobbing, einsemd og psykiske vanskar aukar risikoen for fråfall og utanforskap
- Foreldre som treng det, får god og riktig hjelp til å vere gode omsorgspersonar for barna sine.

I Kinn som i landet elles ser vi at:

- Motivasjonen hos barn og unge for skule fell gjennom grunnskulen og er lågast i 10.klasse
- Delen av elevar som får spesialundervisning aukar gjennom skuleløpet
- Ungdataundersøkinga frå 2021 viser at så mange som 73 prosent av norske ungdommar kjedar seg på skulen, og 25 prosent seier at dei ofte gruar seg til å gå på skulen.
- Vi må styrke samarbeid og samhandling mellom tenester som skal hjelpe barn, unge og familiar med samansette utfordringar

### 7.6.5 Inkluderande arbeidsliv.

Kinn kommune treng arbeidskraft. Eit verkemiddel er å sikre eit inkluderande arbeidsliv. Inkluderande arbeidsliv er ein nasjonal IA-avtale. Omgrepet omfattar og ein visjon for arbeidslivet, samt ei tilnærming til korleis kvar einskild arbeidsplass kan bli meir inkluderande. Inkluderande arbeidsliv kan omfatte:

- At tilsette skal ha trygge arbeidsmiljø fritt for mobbing, trakassering og anna utilbørlig opptreden.
- Systematisk redusere psykiske og fysiske belatstningar på arbeidsplassen
- Målretta arbeide med inkluderande av grupper som elles kan ha vanskar med å komme seg inn i arbeidslivet som t.d. menneske med nedsett funksjonsevne, minoritetsgrupper, flyktningar, eldre arbeidstakarar
- Følgje opp fråvær og sjukemeldingar tettare.

Kinn kommune er IA-verksemd, og mange av bedriftene i kommunen er gode på intergrering og mangfald. Gjennom samskaping i lokalsamfunnet kan vi skape enda meir inkluderande arbeidsliv.

### 7.6.6 Kultur, fritid og deltaking


- Regjeringa har i februar 23 varsla at dei vil legge ny kulturlov ut på høyring. Denne kan gi føringar og konsekvensar for den kommunale kulturpolitikken og korleis vi skal rigge tenestene våre i framtida.
- Samanlikna med Vestland og landet var det i 2019 lågare valdeltaking både ved kommunestyrevalet og fylkestingvalet
- Samanlikna med Vestland nyttar vi om lag 300 kr. mindre på kultur pr. innbyggjar.
- Kinn scorar lågt på Norsk kulturindeks og er mellom dei nest dårlegaste og kjem på ein 221. plass (av 365).

<a href="#">Norsk kulturindeks</a>	2020		2021	
Kunstnarar	3	315	3	320
Kulturarbeidarar	9	229	9	224
Museum	2	182	3	161
Musikk	5	109	7	141
Kino	21	109	25	93
Bibliotek	17	268	18	265
Scenekunst	11	77	7	126
Kultur for barn	21	198	22	177
Sentrale tildelingar	0	284	3	200
Frivillighet	17	130	17	150
Totalt	106	222	114	221

Frå Idrettsindeksen 2020:

	I Kinn	I Vestland
Tal aktive i idrettsorganisasjonar i forhold til innbyggartal.	35%	29,5%
Anleggsdekning (poengskår)	177,2	140
Anleggsdekning, plassering i forhold til andre kommunar/fylkeskommunar	248. plass	8.plass





Figur 37. Kjelde SSB 12362

Frivillige lag og organisasjonar melder om utfordring i å rekruttere til å arbeide frivillig i organisasjonar.

#### 7.6.7 Aldersvenleg samfunn og sosiale buformer

Vi kan ikkje løyse dei demografiske utfordringane som er venta med bygging av nye omsorgsbustader og institusjonsplassar aleine. Dette er dyre løysingar når det gjeld både investeringskostnad og ikkje minst forvaltning, drift og vedlikehald. Gjennom godt planarbeid og regulering kan kommunane legge til rette for at fleire eldre søker saman i felles bustadløysingar.


Vi bør sette av nok areal til "frå leige til eige"/sjølvvegande/burettslag/fleksible bueiningar for menneske med nedsett funksjonsevne. (inkl. andre grupper).

[Senter for et aldersvennlig Norge](#) fokuserer på desse aldersvennlege innsatsområda:

- Plan, uteområde og universell utforming
- Medverknad og kommunikasjon
- Bustad
- Transport
- Samfunnsdeltaking (frivilligheit og kultur)


Kinn deltek i nettverket for aldersvenleg samfunn saman med 207 andre kommunar.

KS har saman med kommunar og samarbeidsorganisasjonar utarbeidd ei [handbok i aldersvenlege samfunn](#). Handboka tek for seg ovannemnde innsatsområde med ei praktisk tilnærming, metodar, gode dømer og sjekklister.



Figur 38. Kjelde "Håndbok i aldersvennlig samfunn"

## 7.7 Folk og busetting



Tettstadar har SSB kart definert til å vere område med hussamlingar der det er busett minst 200 personar og avstanden mellom husa normalt ikkje er meir enn 50 meter. Handelsstader er same kartløyninga markert med blått



- Det er eit aukande tal på aleinebuande og talet på hushaldningar med barn minkar.
- I Kinn er det ein overvekt av einebustader.
- Om lag 120 bustader vert no årleg omsett. Dette er om lag 1,4 % omsetting av den totale bustadmassen. Når ein samanliknar Kinn med

Vestland kvadratmeterprisen lågare i Kinn. For einebustader om lag 24%, småhus om lag 18% og blokkleilegheiter om lag 33 % lågare pris.

- I Kinn er det ein høgare andel uføre som bur saman med foreldra samanlikna med landet.
- I Kinn er det ein lågare andel uføre som leiger bustad samanlikna med landet

## 7.8 Demokrati

Ei berekraftig samfunnsutvikling stiller store krav til kommunen si rolle som lokaldemokratisk arena. Innbyggjarinvolvering og samskaping må difor få ei tydelegare rolle. Vi må ha ein omforeint forståing om kvar vi er i dag og korleis vi skal handle for å vri samfunnsutviklinga i ei meir berekraftig retning.



Denne kommunikasjonen må pregast av tillit. Dei fire verdiltlærmingane er sentrale i arbeidet med å skape tillit.

Høg tillit til politiske institusjonar blir gjerne sett på som ei nødvendigeheit for eit velfungerande demokrati.

Levekårsundersøkinga viser at det i Vestland (2022) berre er 47,5 % som har høg tillit til kommunestyret. (ssb 13835)

Vi veit og at tillit er ulikt fordelt etter levekår, arbeid, inntekt og alder.

FOU rapporten utarbeidd av KS i 2019 [«Nye veier til godt lokaldemokrati?»](#) peikar på at det viktigaste strategiske grepet kommunane kan gjere for å styrke lokaldemokratiet er å sette temaet på dagsorden.

Valdeltaking kan gi eit inntrykk av innbyggjarane sin interesse for lokaldemokratiet. I 2019 var oppslutninga nede i 62,7 % i Kinn. (Vestland: 68%, landet: 64,7%)

## 7.9 Innovasjon

Innovasjon omhandlar å utgreie mogelegheiter og foreslå nye grep og løysingar for å møte utfordringane.

- Ta i bruk og utvikle ny teknologi i samarbeid med andre
- Ta i bruk nye arbeidsmetodar
- Kopiere andre som gjer det godt
- Teste ut nye idear og måtar å jobbe på og formidle dei

### Samhandling og samskaping

- Idéutvelging – Realisering - Evaluering
- Stegvis og radikal endring
- Tørre å gjere feil
- Leiarskap der beslutning ligg på rett nivå og det er tydeleg mål og meining med det vi gjer
- Kulturendring, ikkje berre gjere ting riktig men gjere dei riktige tingene
- Dialog utanfor kommunehuset

### 7.9.1 Innovasjon og digitalisering

- Muligheter for teknologi som lettar samhandlingsprosessar, kommunikasjon. (Imatis, Samspill, Digi-helse, edlevo, teams, office 365)
- Teknologi som lettar fysiske arbeidsforhold. (teknologiske hjelpemiddel for tilsette; takheisar, reinhald-robot)
- Teknologi som hjelpemiddel for brukarar ( Ask-hjelpemiddel, struktureringshjelpemiddel, omsorgsteknologi, bevegelse hjelpemiddel)
- Digitalisering av kommunikasjon mot innbyggjarar (har noko å gå på når det gjeld heimesider mm)
- Teknologi som samsnakk i kommunale bygg. Nybygg. «smarthus»


- Teknologi/statistikk for betre styringsdata

### 7.9.2 Framtidig behov for tenester

- Behov for å auke årsverk innan pleie- og omsorg grunna demografisk utvikling (samtidig bruk for meir effektiv tenesteyting)
- Behov for arbeidsliknande aktivitetstilbod til ungdom som fell utanfor (ikkje lovpålagt, men vurdert som behov i HV plan)
- Behov for tettare samhandling og tidleg innsats med «laget rundt barnet».
- Behov for en gjennomgang og ei endring av tenestetildeling. I tråd med endra behov Dette er heilt nødvendig for å få til berekraft.

## 7.10 Infrastruktur

### Energi



- Guleslettene vindkraftverk med årleg produksjon: 700 GWh (effekt 197,4 MW) som tilsvarar årleg straumforbruk til 44 000 husstandar
- Mehuken vindkraftverk med årleg produksjon: 70 GWh (effekt 25,3 MW) som tilsvarar årleg straumforbruk til 4 400 husstandar
- Klimaplanen slår fast at det er behov for ei heilheitleg kartlegging av kommunen sitt forbruk av fornybar og fossil energi. Deretter skal det settast mål for:
  - energisparing og -effektivisering i kommunale bygg.
  - omlegging til fossilfri energi i transportmiddel, bygg og anlegg.
- Utkast til [Regional plan for fornybar energi 2023–2035](#) har hovudmålet: Vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Det skal årleg utarbeidast ein [4-årig handlingsplan](#) for gjennomføring i samarbeid med kommunane, kraftselskapa og næringslivet elles.

### Digital infrastruktur

- Ein stor del av kommunen har god dekningsgrad, men det er framleis ein del område som er utan. Det er viktig å gjennomføre strategi for utbygging av breiband og mobiltelefoni innan 2026 etter følgjande målsetting
  - Dei som har det dårlegaste tilbodet eller står heilt utan breibandstilbod skal prioriterast

- Alle husstandar/fastbuande og verksemder skal innan 2024 minst ha eit tilbod om 30 Mbit/s til ein fast og føreseieleg kostnad, og hastigheita skal lata seg oppgradere med tida.
- Innan 2026 skal 95 prosent av alle hushaldningar og verksemder i kommunen ha tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit.
- Alle kommunale lokasjonar og andre verksemder med store databehov skal ha tilgang til høghastigheits breiband.
- Det skal vere god innandørs og utandørs mobildekning – både på tale og data – i områder der folk bur, arbeider og ferdast.
- Utandørs mobildekning til meir enn 99 % av alle bygg i kommunen.
- Ellers er det mål om god mobildekning på følgjande områder: Langs viktige ferdselsårar på veg og sjø, i turistområde, i primærnæringsane (utmark, beite) og for fritidsbustader

### Samferdsle

- Netto driftsutgifter pr. km kommunal veg er om lag 20 000 mindre samanlikna med Vestland og landet
- Utgifter til vedlikehald av kommunale vegar av totale netto driftsutgifter til kommunale vegar er berre 10% og mot om lag 20% i Vestland og landet
- Infrastrukturutfordringar i Måløy knytt til samferdsle, både med omsyn til fysisk struktur og offentleg kollektivtransport. Skal vi planlegge for bruk av bil?
- Trafikk- og besøksintensive funksjonar knytt til byane?
- Samferdsleutfordringar knytt til både vegnett og kollektivtransport mellom Måløy og Florø
- Etterslep i utbetring av fylkesvegnettet:
  - Kystvegen – Indrehus
  - FV 617 Kapellneset – Raudeberg
  - FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord
  - FV 5715 Måløy – Oppedal
  - FV 574 g/s Brandsøyvegen
  - FV 445 Lindheimsvegen Florø
  - FV 615 Hyen – Storebru
- Kommunen betalar i dag for veglys på fylkesvegar. Det er dialog kring det fylkeskommunale ansvaret for lys på desse vegane.
- Det er store avstandar i Kinn kommune og vi har relativt mange kilometer med kommunal veg å forvalte. Vi har vegar både med fast dekke og med grusdekke, både på fastland og i øyer.
- Det kommunale vegnettet har eit vesentleg vedlikehaldsetterslep, særleg på grusvegane. Smarte investeringar som legging av fast dekke vil kunne redusere behovet for vedlikehalds betrakteleg.
- Tiltak for å redusere den store belastninga på kommunalt driftsbudsjett kan mellom anna vere å redusere tal kilometer med kommunal veg, ved omklassifisering til privat veg.
- Vintervedlikehald som snørydding og strøying, er ein vesentleg utgiftspost. Det er utfordrande å ha beredskap og utstyr klart for å handtere vintrane våre.
- Trafikktryggleik er eit særleg satsingsområde, og kommunen har som mål å verte klassifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av 2023/2024.

## Vatn og avløp

Kommunen si oppgåve som eigar av vassverk er å sørge for tilstrekkeleg trygt hygienisk drikkevatt til privat abonnentar og bedrifter, og sørge for tilfredsstillande reinsing av avløp.

Ved hjelp av oppdaterte hovudplanar for vassforsyning vil vi prøve å vere i forkant av det våre abonnentar forventar av oss samt oppfylle drikkevassforskrifta.

Det vert kontinuerleg arbeid med utskifting av gammalt leidningsnett rundt om i kommunen. For område Florø er det spesielt dubling av leidningsnett og etablering av ny reservevasskjelde som er i fokus framover.

Det vert arbeid med å få klar ein ny hovudplan for vassforsyning for både Måløy og Florø i 2023.


Vi ønsker å bidra til å vere ein attraktiv kommune med trygg vassforsyning slik at vasskrevjande industri ynskjer å etablere seg hos oss.

Kommunen arbeider med å på plass tilfredsstillande reinsing på alle kommunale utslepp i område Måløy i samsvar med vedtatt kommuneplan for avløp i 2019. Det har vert arbeid godt med å følge kommuneplanen og for området Måløy er ein allereie ferdige med område Fastlandet, Holvik, Kvalheim og godt i gang med planlegginga for Måløy by.

Kommunen skal og sørge for tilfredsstillande tømmeordning av private slamanlegg og i løpet av år 2023 er målet å etablere båt-tømmeordning av slam for område Måløy slik som i område Florø.

For område Florø vert det no arbeid med å utarbeide ein ny hovudplan for både vatn og avløp som skal vere klar i 2023. Fokusområdet innanfor avløp er å oppfylle statlege reinsekrav i samsvar til forureinsingsforskrifta.

## Hamn



Figur 39. Kjelde SSB 13233

- I talet på anløp er Florø ei stor hamn
- Både Måløy og Florø har små godsmengder samanlikna med dei store hamnene. I 2022 til og med 3. kvartal er Måløy er 6. minste medan Florø er den 19. minste av 35 hamner (SSB 08923).

## Lokale båtruter


- Lokale båtruter i Kinn er «fylkesvegen» til fastland for mange av innbyggerane. Fylkeskommunen bør ta større ansvar for å oppretthalde og betre rutefrekvensen.

## 7.11 Areal, dyrka jord og kulturminne

Kinn er ein kommune med mange, gode og viktige ressursar. Vi lever i eit rikt og flott natur- og kulturlandskap der nesten alle er i kontakt med sjø eller hav. Dette er rammene både for oss som bur her, gjestar og næringslivet. Det er viktig at vi har eit langsiktig og berekraftig perspektiv slik at vi balanserer godt mellom interessekonfliktar mellom ressursutnytting og ivaretaking av ressursane. Skal det vere godt å bu her må vi ha ei god tilrettelegging for rekreasjon og bruk av naturen og ta i vare natur- og kulturverdiar.

I Kinn er det 515 lokalitetar og einskildminner som er freda. Heile 200 er i kategorien busetting og aktivitetsområde og 186 er gravfelt og gravminne. Større anlegg som er freda er m.a.:

- Vågsberget handelsstad
- Hagevik tønnefabrikk
- Silda fiskerihamn
- Kapellneset kyrkjestad
- Svanøy gård
- Stabben fyrstasjon
- Ytterøyane fyrstasjon
- Domba bergkunstfelt
- Ausevik bergkunstfelt
- Kinn kyrkje



Figur 40. Kjelde SSB (07903)


Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord har avtatt dei siste åra.

## 7.12 Natur, klima og miljø

- I Kinn er det få bygg med høg radonfare. Det er område som er usikre og som kan ha [radonfare](#).




- Støykjelder som er særleg relevante for Kinn er trafikkstøy, støy frå hamnene og Florø lufthamn. Kinn har ikkje utarbeidd ei kartlegging av støy frå hamnene.
- Det er ikkje gjort ei fullstendig kartlegging av kor mange bustader og bygg som er utsett for støy over Lden 55 dB som er anbefalt grenseverdi for gjennomsnittleg utandørs støynivå (Jf. T-1442) langs vegar.
- Statens vegevesen har utarbeidd [støyvarslingskart](#) som syner at ein del bygg og bustader kan vere utsett for støy og då særleg langs innfartsvegane til byane Flora og Måløy.
- Støysona kring [Florø lufthamn](#) omfattar ein del bygg.
- [Luftkvaliteten](#) er god, målt i konsentrasjonen av fint svevestøv som er låg
- [Klimaendringane vil i Sogn og Fjordane](#) særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflo.
- Kinn har særst godt [drikkevatt](#).
- Kinn har eit noko høgare [skadeomfang](#) enn landet
- Dei to siste åra har det pr. nov 2022 ikkje vert [dødsulukker](#) i trafikken og det har årleg vert 2 hardt skadde.
- Talet på [byggningsbrannar](#) har gått ned dei siste to åra, det same har talet på utrykkingar og er no på nivå med landet utan Oslo.
- Kinn har færre [politimelde lovbrøt](#) samanlikna med Vestland og landet



Figuren gir ein oversikt over klimagassutsleppa kommunen og innbygarane forårsakar gjennom fire ulike statistikkar. 2030 viser målsettinga i temaplan for klima, berekraft og naturmangfald. Henta frå Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald.

Graf Tabell



Figur 41. Kjelde Miljødirektoratet

[Tabellen](#) viser kva område som er viktig å ha fokus på for Kinn kommune, dersom ein skal ta ned dei direkte klimagassutsleppa til kommunen som geografisk område.

Sabima (paraplyorganisasjon for dei biologiske [foreiningane](#) i Norge) arrangerer kvart år [naturkampen](#) der dei rangerar dei norske kommunane etter 15 ulike indikatorar. I 2022 var Kinn kommune rangert som nr 13 i Vestland og som nr 119 i landet.

KS har bedt CIENS, forskingssenter for miljø og samfunn, om å [samanfatte dei tre omfattande internasjonale rapportar frå FN sitt klimapanel](#) og det internasjonale naturpanelet. Dei peikar på tre grep som må takast dersom Norge skal nå FN sine berekraftsmål, samt internasjonale og nasjonale mål for klima og natur;

- Vi må redusere forbruket av naturressursar og energi for å halvere utslepp av klimagassar og skape eit berekraftig lågutsleppssamfunn.
- Vi må unngå nedbygging og omdisponering av areal som er viktige for naturmangfaldet og naturgoder som klimagassopptak og karbonlagring.
- Vi må restaurere forringa økosystem, noko som kan gi positive effektar for både klima og naturmangfald på noko lengre sikt, men sjeldan eller aldri kan erstatte intakt natur.

Dersom vi ikkje handlar raskt, vil utfordringane auke og dei økonomiske konsekvensane vil bli store. Vidare vil kostnadane ved tiltak bli større, vere mindre effektive og utilstrekkelege. (Ciens rapporten s.5)

### Klimarisiko

CICERO har på vegne av KBN utarbeidd rapporten [Klima, risiko og bærekraftig utvikling i norske kommuner](#). Samlet sett kan klimarisiko få stor betydning for kommuneøkonomien og kommunane sin attraktivitet for næringsliv og innbyggjarar.

Rapporten peikar på fem formar for klimarisiko:

- **Fysisk risiko** er risiko knytt til effektar og konsekvensar av klimaendringar. Risikofaktorar som meir ekstremvêr kan føre til store direkte og indirekte kostnader for kommunen og det lokale næringslivet.  
**Overgangsrisiko** er risiko knytt til at kommunale investeringar kan medføre auka kostnader eller verditap om ikkje det blir tatt omsyn til omstilling til lågutsleppssamfunnet i planlegginga. Overgangsrisiko omfattar også næringslivet ved at endringar i reguleringar, teknologi eller konsumentvanar fører til at nokre næringar kan tape konkurransekraft dersom dei ikkje har evne til å omstille seg.
- **Ansvarsrisiko** inneber at skadelidande etter hendingar som skyldast klimaendringar krev økonomisk erstatning frå aktørar som er ansvarlege for planlegging og rammeføresetnader – ofte myndigheitene representert ved kommunane.
- **Gjennomføringsrisiko** er risikoen for at kommunen ikkje klarer å realisere vedtekne mål og strategiar knytt til omstilling og klimatilpassing. Dette kan for eksempel skyldast at endringane ikkje har god nok tilslutning hos innbyggjarar og næringsliv.
- **Grenseoverskridande** risiko handlar om korleis klimaendringar i andre land, som redusert matproduksjon, vassmangel, konflikhtar og migrasjon, kan gi konsekvensar for Norge og den enkelte kommunen.